



Endringar i kommunedelplan 2023-2035

Endringar i kart

BN19 og BN20 på Vikojordet og Storøyne – endring frå næring til kombinert (raud ring)

- Område BN19 og BN20 har vorte endra frå *Næringsverksemd* til *Kombinert bygge og anleggsformål*. Det var heile tida meininga at områda skulle vere kombinerte bygge- og anleggsformål, men det vart lagt inn feil formål i dokumenta til 1. gongs behandling.
- Områda har fått nye namn: BKB4, BKB5, BKB6 og BKB7.
- Det er laga rekkefølgekrav til utnyttingsgraden grunna trafikktilhøve (sjå trafikknotat).
- Det er tillatt med plasskrevjande varehandel og volumhandel i område BKB4, BKB5, BKB6 og BKB7.

BFT3 – endring frå fritids- og turistføremål til kombinert (blå ring)

- Delar av området har vorte endra frå *Fritids og turistformål* til *Kombinert bygge og anleggsformål*.
- Delane som har endra formål har fått nytt namn: BKB8 og BKB9. Resten av området beheld namnet BFT3.
- Byggeområde for BKB8 og BKB9 er lagt i tråd med senterlinje flaumvoll frå flaumrapport datert 17. mars 2023.
- I område BKB8 (vest for Gol stavkyrkje) er det tillatt med plasskrevjande varehandel, kontor og tenesteyting.
- I område BKB9 (mot Glitre) er det tillatt med plasskrevjande varehandel, kontor og tenesteyting.
- I område BKB8 og BKB9 er det tillatt med tenesteyting med låg besøksfrekvens og få arbeidsplassar. Arbeidsplassintensiv og besøksintensiv tenesteyting er ikkje tillatt.
- Det blir lagt inn rekkefølgekrav for område BKB8 og BKB9 saman med resten av Vikojordet og Storøyne.

B2 (sør for Heslasvingen, svart ring)

- Området blir endra frå bustadområde og attende til grønstruktur.

BKB1 (gamle Gol skule, lilla ring)

- Området blir endra frå *offentleg og privat tenesteyting til bustader*.
- Området får nytt namn: B2.

BN1 (kvit ring)

- Området blir unntatt rettsverknad for å kunne kome i land med resten av kommunedelplanen.

BKB3 (Glitrehaug, blågrå ring)

- Området blir endra til eksisterande offentleg og privat tenesteyting. Formålet blir dermed tilbakeført til slik det er ved gjeldande kommunedelplan frå 2006. Dette er grunna utfordringar med tilkomst. Endringa er ikkje lagt inn i vedlagt kart, men det skal bli gjort før nytt offentleg ettersyn.

S3 (vest for Gol stasjon, endring frå LNF til jernbaneformål, oransje ring)

- Eit område på om lag 500 m² har vorte endra frå LNF-formål til jernbaneformål. Endringa skjer så ein kan bygge sporvekslar. Endringa var ute på avgrensa offentleg ettersyn i 2020.



BN13 (Glitre aust, endring frå LNF til næring, rosa ring)

- Eit lite område blir omgjort frå LNF til næring i tråd med gjeldande kommunedelplan. Ein feil i kartgrunnlaget har gjort at dette området har vorte liggande som LNF-formål.

Omsynssone/bandleggingssone kulturminne

- Fleire kolgroper og liknande med bandleggingssone kulturminne (H730) har vorte fjerna frå plankartet etter dialog med fylkeskommunen.
- Fleire område med bandleggingssone kulturminne (H730) har vorte endra til omsynssone bevaring kulturmiljø (H570) då dei ikkje er freda.

Endringar i føresegner:

§ 1.1. Plankrav

- § 1.1.1c Unntak frå plankrav blir lagt til med: Område BKB5 og BKB6
- § 1.1.2 Tilhøve til kommunedelplan og reguleringsplanar bokstav a blir lagt til med: *Områdeplan for deler av Vikojordet og Storøyne (ID 2012010) er unntatt. Ved motstrid vil kommunedelplan for Gol tettstad gjelde før områdeplan for deler av Vikojordet og Storøyne.*

§ 1.4.2 Rekkefølgekrav for byggeområde:

- § 1.4.2 blir lagt til med bokstav c:
Ein kan ikkje gi bruksløyve for bueiningar i BKB1 og B23 før ny avkøyring frå Rv52/Hemsedalsvegen er opparbeidd. Ny avkøyring er skildra i tekniske teikningar og følgebrev utarbeidd av Sweco, datert 01.02.2022/04.02.2022).
- § 1.4.2 blir lagt til med bokstav d:
Det skal gjennomførast trafikkteikningar og oppdatert trafikkanalyse for rundkøyring ved Rv.7 – Hahaugvegen før samla bruksareal i område BKB4, BKB5, BKB6, BKB8 og BKB9 overstig 35 000 m² pluss parkering. Dersom oppdatert trafikkanalyse viser at belastningsgraden i rundkøyringa overstig 0,85 må det gjerast tiltak som reduserer belastninga på rundkøyringa. Trafikkanalysen er styrande for vidare utnytting. Før trafikkanalyse er oppdatert har følgande område slik utnyttingsgrad:
 - *Område BKB5: BRA = 6 229 m²*
 - *Område BKB6: BRA = 5 800 m²*
 - *Område BKB8: BRA = 12 000 m²*
 - *Område BKB9: BRA = 12 000 m²*

§ 1.5.3 Byggegrenser:

- Det er lagt inn krav til byggegrense på 4 meter mot kommunalt vatn- og avløpsanlegg.

§ 1.9.1 Skilt og reklame:

- Skilt og reklame bokstav b er lagt til med:
Plassering av gatebukkar er berre tillatt innanfor raude område av fortauet. Gatebukkar skal berre stå ute i forretninga si opningstid.

§ 2.1.3 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP):

- a) *Tillate % BRA skal vere minst 100 %* blir fjerna



§ 2.1.4 Fritids- og turistføremål (BFT)

- Avstand mellom einingar/campingvogner/telt blir endra til minimum 4 meter grunna endring i avstandsreglar i byggteknisk forskrift.

§ 2.1.5 Næringsverksemd

- Bokstav b: BN 13 og BN 14 er lagt til med *ikkje ny detaljhandel, volumhandel og større kontor- og servicebedrifter*. Tidlegare stod det *ikkje detaljhandel, volumhandel og større kontor- og servicebedrifter*.
- Område BN1 blir unntatt rettsverknad for å kunne kome i land med resten av kommunedelplanen dersom det ikkje blir semje om avkøyring frå Rv.7.

§ 2.1.7 Kombinerte bygge- og anleggsformål:

- Formål, utnyttingsgrad og byggehøgder i kombinerte område har vorte lagt inn i tabell for å gjere det enklare å forstå kva som kan etablerast i kvart område.
- Utnyttingsgraden for Vikojordet og Storøyne er basert på gjeldande reguleringsplan, men med rekkefølgekrav til trafikkteiling. Byggehøgder justert i tråd med reguleringsplan for BKB4, BKB5, BKB6, BKB8 og BKB9.

§ 3.1.1 Ras- og skredfare (H310)

- Det er lagt inn tekst som viser sannsyn innanfor kvar faresone. Det blir vist til skredfarekartlegging frå 2018.

§ 3.1.4 Sikringssone drikkevatt

- Det er lagt inn tekst om klausuleringssoner.

§ 3.2.3 Omsynssone kulturminne (H570)

Det er lagt inn retningslinjer for tiltak innanfor omsynssone kulturminne (H570) og for Musehaugbråten. Merk at desse er retningslinjer og dei er ikkje juridisk bindande.

§ 4 Føresegnssområde

- Føresegnssområde #1 har fått endra ordlyd slik:
 - o Føresegnssområde #1 omfattar øvre sentrum, inklusiv BOP1 og BOP18.
 - o Nye kulturarenaer skal etablerast innanfor føresegnssområdet.
 - o Føremåla som ligg innanfor føresegnssområde #1 har same krav til byggehøgder som sentrumsområde.
- Føresegnssområde #2 og #3 har vorte fjerna då teksten kjem fram av dei generelle føresegna for områda.